

Eit takk og eit velfar til  
dei medlemene av Seins musikkag som no reiser frø bygdi! 29/9. 1945.

Tone: "I fjor gjett' eg 'Gjeita'."

Sjå lidene gulnar, og borte vert blomen,  
og dagane stuttnar, for hausten er kome.

I storm ser me lauvfall og skogtoppar svagar,  
og høyrer kor bekkjer og elvane klagar.

Ja, tenk at den solrike sunar er faren,  
og borte vert Gauken og Erla og Staren.  
Me ofte kan sjå, når i lufti me glytter,  
ein "songfugleher" som or heimlandet flytter.

Frå "Solrenning" og vil der "songfuglar" draga.  
Me få som vert att kjenner trong til å klaga,  
fordi han vert borte, den fyldige tonen  
i frå vårt musikklag i indremissjonen.

Ja, styrken vil minna, me likar oss illa.  
Men i denne pause og trykkjande stilla  
me namni på dei som skal reisa, vil nemna;  
når dei alt i haust utor bygdi vil stemna:

Ho Solveig ho vert då den fyrste på lista.  
No heve ho berre å pakka i kista.  
Sitt utstyr av klede ho no må få samle,  
for ho skal til byen og stella dei gamle.

Ho Åslaug på Slettå var alltid so stille.  
Men likevel visste ho stödt kva ho wilde.  
No fer ho til Litlhovda, til ho Johanna,  
og ingen skal få henne til noko anna.

Ho Gunnhild frå Haugland me ogso lyt missa.  
Og at ho skal heimatt, me prøver å gissa.  
Men kanskje vår gissing er bort i ein "blåne"  
kanhenda ho reiser til bydn om ein måne,

Ho Halldis trur visst at ho pengar kan telja,  
og vega på såpa, og småspikar selja--.  
Å stå på butikk er det største i verdi.  
Me vonar ho ei går fallit under ferdi.

Men er ikkje dette "venodigen" laga,  
at Oddny frå Rydland til Bergen må draga  
når hjarta og hugen vil nordetter fara?  
Den kjærleiken er ei forundarleg vara.

Det var vel dei ferraste av oss som ana,  
at Bjørg kom å reisa so langt som til Fana  
frå han son arbeider på lensmannskontoret.  
Me tykkjer at dette er merkjeleg vore.